

Møte i Rovviltnemnda i Oppland 25/2 2011

Litt orienteringar om resultat av lisensjakta:

Jerv: 4 dyr av 8 på kvota vart teke ut

Jervejakta vart avslutta i oppland 15. februar

Dato	Kommune	Kjønn	Vekt
10. sept.	Lesja	hann	12 kg
28. sept	Ringeby	hunn	10 kg
05. feb	Skjåk	hann	14 kg
12. feb	Sel	hann	14 kg

18 hi-lokalitar blir sjekka kvart år på jerv, siste er NOP 018 – Langsua.

Gaupekvoten på 8 dyr i Oppland/region 3 vart fylt søndag 6. februar.

Dato	Kommune	Kjønn	Alder	Vekt
1. feb	Øyer	hann	voksen	22,5 kg
3. feb	Gausdal	hann	voksen	17 kg
3. feb	Vang	hann	voksen	23 kg
4. feb	S. Land	usikker	unge	8,9 kg
5. feb	Gausdal	hann	voksen	19 kg
5. feb	Øyer	hunn	voksen	19,9 kg
6. feb	Gausdal	hunn	voksen	14,9 kg
6. feb	S. Land	hann	voksen	17,6 kg

I Hedmark får beitebrukarar 6 kr pr. dag pr. dyr for å ha dyra heime på beite. 35 besetningar i Hedmark går berre på heimebeite. Heldigvis går ingen det vi veit i Oppland berre på heimebeite.

Utvidelse av gaupekvota for 2011.

Etter søknad frå OBS, OB og OSG vart det fyrst søkt om utvidelse med 2 dyr, seinare 2 nye dyr.

Tilleggsmomenter: Det er konstaterert skabb på gaupe, deriblant ungen som vart felt 4/2 i S-Land.

Familiegrupper pr. dags dato: 4-5 familiegrupper i Sør-fylket og Valdres. Gudbrandsdalen: enkeltdyr.

Administrasjonens forslag: Ingen utvidelse av gaupekvota.

Ivar Odnes: Forslag om å utvida gaupekvota på 2 dyr i midt- og nord-Gudbrandsdalen.

Olaf Nils Disserud: Enig m/Odnes + 1 dyr til Valdres.

Sigmund Hagen: For administrasjonen.

Reidun Gravdahl: For administrasjonen

Marianne Isumhaugen: Støtter forslag til Ivar Odnes.

Odnes sitt forslag fekk 3 stemmer, derfor kan det nå jaktas på 2 nye gauper frå Ringeby og nordover Gudbrandsdalen.

Revidering av forvaltningsplanen ikring punktet sonering av gaupe og jerv:

Neste møte i nemnda 11/3.

Folkemøter angående revisjon av forvaltningsplanen: 23/3 Fagernes, 24/3 Otta, 28/3 Lygnasetter og 30/3 Øyer.

Høringsalternativa vert lagt ut som link seinare etter avtale m/Klæbo. Dagens modell vart karakterisert som "passelig" på jerv og "dårlig" på gaupe.

Jerv:

Alt 1 som før, kommentarar: For lite område til 4 ynglingar, yngleområdet –sauetett område, grenser mot Follidal – beiteprioritet, høgt uttak der det er mindre skadepotensialet –Jotunheimen/Breheimen

Alt 2. Del av Ringebu ute - grense Friisvegen, utvida Reinheimen – grense Ottaelva.

Alt 3. Del av Ringebu ute som over + Breheimen, Jotunheimen, Sel og sørover.

Gaupe:

Alt 1. Som før, kommentarar: Ikkje stort nok, høgt konfliktnivå innanfor, konfliktnivå utanfor pga gaupeaktivitet.

Alt. 2. Som før + heile Valdres og Lillehammer vest og Gausdal. Stort nok, ulempe for Gausdal, skjermer Gudbrandsdalen.

Alt 3. Som 2 men utan Gausdal og Lillehammer vest. Må truleg ha grupper utanfor som tellande.

Andre saker:

Lars Bendik Austmo m/erf. frå FM Nord-Trøndelag har teke over etter Morten Kjørstad i DN.

Kommentarar til slutt frå meg under ope post:

Gaupe:

Takka for positivt vedtak.

Det at nytt vedtak på gaupekvota nå ikkje kan påklagast: I praksis må da nemnda ta høgde for ting dei ikkje veit ved tildeling av kvote, slik at det er rett det som jegeren i Gausdal seier at nemnda i fyrste vedtaket gjer eit vedtak om ei reservekvote viss ny informasjon om større bestand kjem seinare.

Utvidelse av gaupekvota må snarast varslas, slik at jegere kan koma i gang. Klæbo lova å aktivera kvotetelefonen etter møtet, slik at jakta vart lovleg i helga.

Oppland jeger og fisk har ikkje levert rapport enda, noko som kunne hjelpt til i saka over. Det er merkeleg at ikkje ein fylkesorganisasjon kan få medlemslaga sine til å samarbeida om felles sporingsdagar.

Kan vi få invitasjon til møta i forvaltningsplanen med alternativa på mail slik at beitenæringa kan få det på heimesida si og kan få fordøye dei litt før saka vert teke opp? Vi har mange alternativer å sjå på i tillegg til alternativane som vart lagt fram i dag: Differensiering/ingen soner/små soner. Staten sitt syn i forhold til såkalla beiteprioriterte områder/yngleområder for rovvilt.

Erik Solheim har signalisert våruttak etter uttale frå Ove Ommundsen, kanskje eit håp for søknaden i DN, men saka liknar saka i fjor med avslag i juli.

Jerv: Nemnda må søkja om hiuttak.

Radiobjøller – hugs at dette i alle fall er eit 3-årsprosjekt og sei ja til FKT-søknaden. Ikkje gjer som det nasjonalt beitebruksprosjektet der midlane med eitt ikkje kom radiobjøllene til gode.

Takk til Reidun for årsmøtedeltakinga, og spesielt for at ho var der heile dagen.